



DET KONGELIGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets president
Stortinget
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

26/1471-

14. april 2026

Spørsmål nr. 2257 til skriftlig besvarelse – beslag av tobakksfri snus

Jeg viser til brev av 7. april 2026 fra Stortingets president vedlagt følgende spørsmål nr. 2257 til skriftlig besvarelse fra representanten Anne Grethe Hauan:

«Korleis har utviklinga i beslag av tobakksfri snus på veg inn til Noreg vore sidan produkta kom på marknaden rundt 2017?»

Begrunnelse for spørsmålet:

«Tobakksfri snus er i dag i praksis forbode i Noreg, fordi produktet blir rekna som eit nytt nikotinprodukt som må godkjennast før det kan omsetjast. Samtidig er det vist til frå fleire hald at slike produkt kan vera mindre helseskadelege enn vanleg snus med tobakk. Dette inneber også at det er ulovleg å ta med seg tobakksfri snus inn i Noreg. Samtidig er det lov å selja såkalla helkvit snus med små mengder tobakk. Resultatet er at produsentar tilset heilt minimale mengder tobakk – i praksis berre nok til å oppfylla regelverket – for å få produkta inn på den norske marknaden. Snus og tobakk er blant dei varene det blir handla mest av over grensa, særleg i Sverige. Samtidig tyder tal frå Tolletaten på at beslag av tobakksfri snus har auka kraftig dei siste åra, både i tal på saker og i mengd. Mange nordmenn er ikkje klar over at det er ulovleg å ta med seg tobakksfri snus inn i landet, og kan dermed bryta lova utan å vita det. Likevel risikerer dei bøter eller andre reaksjonar dersom dei blir stoppa i tolla. I praksis kan folk få bøter på fleire hundre kroner for å ta med seg éin boks frå Sverige. Dette skapar ein situasjon der eit produkt som er lovleg å kjøpa i nabolanda, og etterspurt av folk flest, likevel fører til reaksjonar når det blir teke med inn i Noreg. Dette reiser eit heilt grunnleggjande spørsmål: Når etterspurnaden er stor, grensehandelen aukar og stadig fleire blir tekne med slike produkt, fungerer regelverket etter intensjonen – eller pressar det i praksis folk over i smugling og regelbrot? På denne bakgrunnen er det behov for ei oversikt over korleis beslag av tobakksfri snus har utvikla seg sidan produkta kom på

marknaden rundt 2017, og om regelverket treff når både produsentar og forbrukarar har tilpassa seg krava – eller om det i praksis avgrensar valfridomen til folk flest utan å oppnå det det var meint å gjera.»

Svar:

Helse- og omsorgsdepartementet har via Finansdepartementet innhentet beslagstall fra Tolletaten. Tolletaten har opplyst om at grunnet omlegging til nye IT-system er statistikk fra før 2022 ikke tilgjengelig. Antall beslag av tobakksfri snus i perioden 2022–2025:

År	Antall beslag
2022	200
2023	800
2024	1300
2025	2762

Regjeringens tobakkspolitikk er formulert i Meld. St. 15 (2022–2023) Folkehelsemeldinga – Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar. Vi satser der på dokumentert effektive tiltak for å hindre nikotinavhengighet og helseskader blant barn og unge.

Når det gjelder tobakksfri nikotinsnus, er produktgruppen i dag ikke tillatt i Norge som et rent forbrukerprodukt. Årsaken er at slike produkter innebærer risiko for helseskade, særlig for barn og unge. Produktet er imidlertid tilgjengelig i Norge som reseptfritt legemiddel.

Med hilsen



Jan Christian Vestre